

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD (EU) 2016/600****2017/EØS/36/06****av 15. april 2016****om endring av vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Romania***[meld under nummeret K(2016) 2186](\*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5 nr. 2 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett at medlemsstatar, tredjestatar eller regionar i desse statane («statar eller regionar») skal klassifiserast i éin av tre kategoriar med omsyn til status for bovin spongiform encefalopati (BSE): svært liten BSE-risiko, kontrollert BSE-risiko og ikkje-fastsett BSE-risiko.
- 2) Vedlegget til kommisjonsvedtak 2007/453/EF<sup>(2)</sup> inneheld ei liste der statar eller regionar er oppførte i høve til BSE-statusen sin.
- 3) Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) spelar ei leiande rolle når det gjeld inndelinga av statar eller regionar i kategoriar på grunnlag av BSE-risikoen deira.
- 4) I mai 2014 vedtok generalforsamlinga til OIE å gje Romania statusen «svært liten BSE-risiko» i resolusjon nr. 18 om sannkjenning av risikostatus for bovin spongiform encefalopati hjå medlemsstatar<sup>(3)</sup>. Den 27. juni 2014 oppheva OIEs vitenskapskommisjon for dyresjukdommar denne statusen etter at Romania melde frå om eit tilfelle av atypisk BSE.
- 5) I mai 2015 endra generalforsamlinga til OIE kapittelet om BSE i helseregelverket sitt for landdyr («regelverket») ved å leggje til følgjande setning i artikkel 11.4.1 i regelverket: «Ved offisiell sannkjenning av risikostatus med omsyn til BSE, omfattar BSE ikkje «atypisk BSE», ein tilstand som truleg oppstår spontant i alle storfebuskarar i svært lite omfang»<sup>(4)</sup>.
- 6) Ettersom «svært liten BSE-risiko»-statusen til Romania vart oppheva på grunn av påvising av eit tilfelle av atypisk BSE, og ettersom den nye versjonen av regelverket ikkje omfattar atypisk BSE ved offisiell sannkjenning av BSE-risikostatus, vedtok OIEs vitenskapskommisjon for dyresjukdommar å gje Romania tilbake statusen «svært liten risiko for BSE» med verknad frå 8. desember 2015.
- 7) For å ta omsyn til den avgjerda bør lista over statar i vedlegget til vedtak 2007/453/EF difor endrast.
- 8) Vedtak 2007/453/EF bør difor endrast.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 103 av 19.4.2016, s.41, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 168/2016 av 23. september 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasanitære forhold), ennå ikke kunngjort.

<sup>(1)</sup> TEF L 147 av 12.1.2001, s. 1.

<sup>(2)</sup> Kommisjonsvedtak 2007/453/EF av 29. juni 2007 om fastsetjing av BSE-status for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane på grunnlag av BSE-risikoen deira (TEU L 172 av 30.6.2007, s. 84).

<sup>(3)</sup> [http://www.oie.int/fileadmin/Home/eng/Animal\\_Health\\_in\\_the\\_World/docs/pdf/2014\\_A\\_RESO-18\\_BSE.pdf](http://www.oie.int/fileadmin/Home/eng/Animal_Health_in_the_World/docs/pdf/2014_A_RESO-18_BSE.pdf)

<sup>(4)</sup> [http://www.oie.int/index.php?id=169&L=0&htmfile=chapitre\\_bse.htm](http://www.oie.int/index.php?id=169&L=0&htmfile=chapitre_bse.htm)

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegget til vedtak 2007/453/EF vert det gjort følgjande endringar:

- 1) Posten «— Romania» vert sett inn i del «**A. Statar eller regionar med ein svært liten BSE-risiko, etter** «— Portugal» og før «— Slovenia».
- 2) Posten «— Romania» går ut i del «**B. Statar eller regionar med ein kontrollert BSE-risiko**».

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 15. april 2016.

*For Kommisjonen*

Vytenis ANDRIUKAITIS

*Medlem av Kommisjonen*

\_\_\_\_\_